RV618-HP01

# Rv 618 Almenning - Eide.

## ~~Si~~ Tryggjing av Bortne ura.

### Innleiing:

På rv. 618 Almenning-Eide går det ofte steinsprang frå Bortneura. Vegen ligg i ein kurve forbi ura og stein ~~på~~ i vegbana er ein fare for trafikken. Laboratorieavd. vart av vedlikeholdet bedne om å sjå på tilhøva og koma med forslag til sikring av ura. Synfaring skjedde den 21 februar 1986 og med på synfaringa var: Ing Gjerde frå anleggsavd, vegmeister Økshollen og opps. ass Tenden frå vedlikehaldsavd. og overing. Vegheim frå lab. avd. Anleggsavd har midler på parsellen

### Skildring av ura.

~~Den øvre~~ Rv 616 skjer av foten av ura. Under anleggsarbeidet

er delar av ura sikra med tørrmur for å hindra vidare ukasing, medan andre delar ikkje er sikra i det heile teke. Atter andre delar er delvis sikra med tørrmur, men ikkje tilstrekkeleg ~~for å hindra ukasing~~. høge og utgraving og ukasing skjer.

## Skildring av dei ulike delane.

Problem 1. Narast Selje er det ikkje noko form for sikring. Vegen har ~~skjert~~ skore av foten av ura. Det er liten grøft for å fange opp steinsprang. Ura er ikkje tjukk på denne staden (omlag 1 meter). Mellom urmassane og fjellet er det leirhaldig morene. Langs fjellet renn det vatn som fører med seg materialer frå morena. Dette fører til at det til stadig skjer ukasing og at fronten av ura eter seg bakover. Fallet frå steinane vert høgare og høgare og føren vert større og større.

Skal ein få stabilisert ura, må det byggjast ein mur i betong i fronten av urmassene. Derved hindrar ein vidare utgraving og utvasking. Ein må sørgja for god drenering. ~~gjennom muren~~. Likeeins må det leggjast telefrie materiale (f.eks) stein mellom ura og muren.

## PROBLEM NR 2

I området lengre aust er det ~~sett~~ opp tørrmur. Muren er imidlertid ikkje tilstrekkeleg høg. I og med at foten er kutta skjer det utvasking. Steiner sprett over muren og fram i vegen. Urmassane kviler på morene.

Området kan stabiliserast ved å leggja ordna steinfylling frå tørrmuren og til fronten av ura.

PROBLEM NR. 3.

Vidare mot aust er det torrmur som ikkje er tilstrekkeleg høg.
Ein kjem so til ei mykje styrt parti. med ein låg torrmur
Bakover er bakken rast ut og det er ein mykje steil moreneegg.
Kraftige røter held massane på plass. Vidare bakover ligg ura.
~~Utrasning sky~~ Mindre utrasningar skjer. Her kan det utvikla seg til eit større ras. ~~innan for ei lengd på 10-20 meter.~~

Den einaste mogelege løysingen som kan gjerast med enkle midlar er planering av skråningen.
Den steile moreskråningen bør flatast ut. ~~Dette~~ arbeidet kan by på problem og ein må vera merksam på ras. under arbeidet

O. Fegten
Tveng.